

Heidra for trufast innsats



Stor overasking for initiativtakaren.

Aura Avis - Publisert 30.09.2009 – Ingunn Karijord

SUNNDAL: På korseminaret «Det store kornøftet» i helga var det ei som fekk seg ei stor overasking, nemleg initiativtakaren sjølv.

Ho som skulle ha regien på det meste denne helga, Bodil Læg Reid, visste ikkje kva leiar for Norges Korforbund Nordmøre, Else Brandvoll Andresen, hadde med i veska.

Midt i lunsjen laurdag vart den avbroten med ei overrekking av diplom og blomar til Læg Reid for lang og tru teneste i korarbeidet i Sunndal og Norges Korforbund.

Allereie i 1959 melde Læg Reid seg inn i kor, og då ho kom til Sunndal tidleg på 70-talet, vart ho straks med i Sunndalsøra Blandakor, der ho og etter nokre år vart dirigent. Dette meinte Norges Korforbund var grunn til å markere og gjere heider på.

Det meinte og alle deltakarane på «Det store kornøftet» som spontant reiste seg og ga dirigenten i Sunndalskoret Grøa Songlag og Dalen Mannskor ståande applaus.

I takketalen framheva Bodil Læg Reid kor flott det er å vere med i eit kormiljø.

– Songen og korarbeidet har gitt meg mykje, eg starta i kor som 12-åring, og for meg har det vore helse i kvar ei tone eg har sunge. Eg vonar fleire kan få oppleve det slik, understreka ho.